

LAZARUS

AV DAVID BOWIE + ENDA WALSH

BASERT PÅ ROMANEN

THE MAN WHO FELL TO EARTH AV WALTER TEVIS



Lazarus

Album: ★, 2016

It's No Game

Album: *Scary Monsters*, 1980

This Is Not America

Song skrive til filmen *The Falcon and the Snowman*, 1985

The Man Who Sold The World

Album: *The Man Who Sold The World*, 1970

No Plan

Song skrive til musikalen *Lazarus*, 2015

Blei posthumt gitt ut som single til David Bowies 70-årsdag 8. januar 2017

Love Is Lost

Album: *The Next Day*, 2013

Changes

Album: *Hunky Dory*, 1971

Where Are We Now?

Album: *The Next Day*, 2013

Absolute Beginners

Song skrive til filmen med same tittel, 1986

Dirty Boys

Album: *The Next Day*, 2013

Killing a Little Time

Song skrive til musikalen *Lazarus*, 2015

Blei posthumt gitt ut til David Bowies 70-årsdag 8. januar 2017

Life On Mars?

Album: *Hunky Dory*, 1971

All the Young Dudes

Song skrive til bandet Mott the Hoople, 1974

Always Crashing in the Same Car

Album: *Low*, 1977

Valentine's Day

Album: *The Next Day*, 2013

When I Met You

Song skrive til musikalen *Lazarus*

Blei posthumt gitt ut til David Bowies 70-årsdag 8. januar 2017

Heroes

Album: *Heroes*, 1977

The Man who fell to earth

Boka, filmen, oppfølgjaren

I framsyninga *Lazarus* møter vi Thomas Newton i det som skulle bli David Bowies bidrag til teaterscenen. Saman med den irske dramatikaren Enda Walsh skreiv han ein undergangsvisjon, eit draumspel eller ein dødsdans i det som fekk den talande tittelen *Lazarus*. Er Lazarus ei oppvakning, eller vårt einaste høve til å møte Bowies musikalske verk i liveformatet no som kunstnaren sjølv har vandra vidare? I møtet med Thomas Newton er det nærliggjande å lese Bowie sitt eige livsløp inn i karakteren. Likevel, Thomas Newton er ein fiksjonsfigur, ein av mange figurar Bowie har gitt liv til gjennom sin lange karriere. Han er like mykje eller lite Bowie som Major Tom, Ziggy Stardust eller Thin White Duke var det.

I *Lazarus* løftar Bowie og Walsh nemleg fram ein gammal kjenning. Thomas Newton blei originalt spela av Bowie i sci-fi-filmen frå 1976, *The Man who fell to earth*. Filmen er basert på romanen med same tittel av Walter Tevis. I filmen kjem Newton til jorda frå ein annan planet. Det er tomt for vatn der, og no er han på jorda for å transportere vatn heim. På heimplaneten har han kone og born. Teknologien han har med seg frå den fjerne planeten gjer han svært rik og han skapar seg eit namn innan forretningsverda og han får venner gjennom firmaet World Enterprise.

Etter kvart innleier han eit stormfullt forhold til ei kvinne kalla Mary-Lou. Ho introduserer han til sex, alkohol og søndagsgudstenester; ting menneske gjer. Samstundes som forholdet mellom Mary-Lou og Newton møter utfordringar, får Newtons konkurrent nyss om at han er eit romvesen. Identiteten blir avslørt, Mary-Lou bryt forholdet og Newton blir fengsla. I fengselet gjerast det smertefulle eksperiment på Newton, og linsene han har som ein del av forkledninga, blir permanent klistra til auga hans. Trass i at han klarer å flykte frå den fysiske cella si, er han no fanga i sin menneskelege kropp, ute av stand til å reise frå jorda. Resultatet blir eit liv i alkoholisme og depresjon. Filmen fekk blanda mottaking, men har med åra oppnådd ein viss status, ikkje minst på grunn av rolletolkinga til Bowie.

40 år seinare, byggjer Bowie og Walsh vidare på forteljinga om Newton. Han er nedbroten og alkoholisert, men med ein like ungdommeleg utsjånad. Han kan ikkje døy, han kan ikkje leve og han har gitt opp å komme heim. I ein surrealistisk atmosfære forsøker han forgjeves å drukne minna frå fortida i mengder med gin. På denne planeten er og blir Newton ein framand. Karakterane rundt han flakkar omkring og løyser seg opp, som i ein feberfantasi. Grensene mellom verkelegheit og fiksjon, fortid og notid, livet og livet bortanfor er viska ut og dei einskilde episodane blir stadig merkelegare, og framkallar redsle og usikkerheit. Er det ein hallusinasjon, eit delirium eller ein dødsaugneblink vi er vitne til? Spelar alt dette seg ut i Newton sitt eige sinn? Med undring kan ein følgje Newton og hans forvirra ferd. Men å dele kjensla av utanforskap, betyr meir enn å halde ho ut. I denne tilstanden av isolasjon og fortvilning, men òg med stunder av håp, glede og sorg, er det mogleg å kjenne seg igjen i Newton. Nettopp denne forsikringa om at det er greitt å vere annleis er kanskje noko av det finaste Bowie har gitt oss.

Erik Ulfsby

Teatersjef





LAZARUS

AV DAVID BOWIE + ENDA WALSH

BASERT PÅ ROMANEN *THE MAN WHO FELL TO EARTH* AV WALTER TEVIS

OMSETJING: FRODE GRYTTE



Newton	Joachim Rafaelsen
Valentine	Petter Vermeli / Pål Christian Eggen
Elly	Heidi Gjermundsen Broch
Michael	Hans Rønningen / Lasse Kolsrud
Girl	Mimmi Tamba / Julie Moe Sandø
Maemi, japansk kvinne	Catharina Vu
Ben	Kristoffer Olsen / Jonas Fuglevik Urstad
Zach	Hans Magnus Hildershavn Rye
Teenage girl 1	Ingrid Jørgensen Dragland
Teenage girl 2	Amanda Kamara
Teenage girl 3	Joakim Ousdal
Kapellmeister og tangentar	Svenn Erik Kristoffersen
Bass	Marius Reksjø
Trommer	Christian Svensson
Gitar 1	Mats Grønner
Gitar 2	Terje Kjørlaus
Trombone	Kristoffer Kompen
Saxofonar	Børge Are Halvorsen
Regissør	Anders T. Andersen
Scenografi og kostymedesign	Kleiva&Myrtvedt
Lysdesignar	Torkel Skjærven
Videodesignar	Boya Bøckman
Koreograf	Belinda Braza
Originale orkestreringar og arrangement	Henry Hey
Musikkansvarleg	Adrien Munden
Lyddesignar	Vibeke Blydt-Hansen
Dramaturg	Matilde Holdhus



**Eg trong ikkje spele. Berre vere meg sjølv.
Det passa rolla perfekt.
På den tida var eg ikkje av denne jorda.**

BOWIE OM FILMINNSPELINGA I '76

Inspisient	Hedda Haaland
Produksjonsmedarbeidar	Heidi Jor
Rekvisitør	Finn Kirkeby
Maskør	Embla Høyland Skognes
Kostymekoordinator	Line Antonsen
Koordinator snikkarverkstad/smie	Siri Hundvin
Lysmeister	Rune Aspeggen
Scenemeister	Dagfinn Bjelland

I filmrolla Mary-Lou: Kjersti Aas Stenby

Takk til RØØR for lånet av baren til filmopptak.

Presentert etter avtale med Robert Fox og Jones/Tintoreto Entertainment og the New York Theatre Workshop.

Lazarus hadde urpremiere off-Broadway på The New York Theatre Workshop 7. desember 2015 ved teatersjef Jim Nicola og teaterdirektør Jeremy Blocker.

NOREGSPREMIERE 11. MAI 2019 PÅ HOVUDSCENEN

Forlag: LAZARUS MUSICAL LIMITED

Foto: Erik Berg. Bilda er tatt i prøveperioden.

I redaksjonen: Guro Redalen og Ida Michaelsen

Grafisk formgjeving og trykk: 07 media.

Bruk emneknaggen #lazarusoslo for å dele dine opplevingar hos oss på Instagram og Twitter.

f t @

Facebook: detnorsketeatret **Twitter:** @detnorsketeatret **Instagram:** #detnorsketeatret











THIS WAY OR NO WAY, YOU KNOW I'LL BE FREE

Enda Walsh om samarbeidet med David Bowie

David Bowie hadde gitt meg eit dokument på fire sider å lese gjennom, slik at vi kunne gå i gang med å skrive ei ny historie basert på låtane hans og karakteren Thomas Newton frå Walter Tevis-romanen *The Man Who Fell To Earth*, som David hadde spelt i filmatiseringa av Nicolas Roeg. Teater- og filmprodusent Robert Fox og Coco Schwab, den høgre handa til David, var òg til stades. Då eg begynte å lese gjennom dei fire sidene, var rommet heilt stille.

Tidlegare hadde eg følt meg heilt roleg og avslappa mens eg og Robert var på veg til bygningen der David var, mens vi stod i heisen, og då den latterleg breie kontordøra blei opna og David Bowie stod der. Han gav meg ein klem, og det første han sa til meg, var: «Du har vore i hovudet mitt i tre veker.» Vi sette oss og snakka om arbeidet mitt (han hadde lese alt) og kvifor eg skreiv på den måten eg gjorde – og temaa som går igjen i stykka mine, som ei kløe som ikkje går vekk. Heile morgonen, og no den første timen av det første møtet vårt òg, hadde eg kjent meg i ein tilstand av fredfylt sjølvtilitt.

Det var først i den augneblinken då han sa at «det er her eg vil starte», då han dytta dei fire sidene mot meg, at det verkeleg slo meg at eg faktisk sat overfor dette kulturikonet – denne mannen som hadde skapt så mykje og hatt ein slik enorm innverknad på så mange. Det jævla geniet. David Bowie, for faen. Det fekk meg til å føle meg som eit barn som hadde gløymt korleis ein faktisk les, der eg sat og prøvde å fange opp kva som stod der. Eg skumma gjennom den første sida, men hørde berre støy – eg var så usikker at det skurra og skreik i øyra mine.

Eg slutta å lese, trekte pusten djupt og begynte å lese sakte frå starten igjen.

David hadde skapt tre nye karakterar rundt Thomas Newton (den stranda, tilsynelatande udødelege mannen frå verdsrommet som ikkje kunne dra tilbake igjen). Det var mellom anna ei jente som moglegvis var, eller ikkje var, verkeleg; ein masse-mordar som blei kalla Valentine; og ei kvinne som trudde ho kanskje var Emma Lazarus (den amerikanske poeten som skreiv diktet «The New Colossus» som er inngravert på sokkelen av Fridomsgudinna) – ei kvinne som i dette tilfellet ville hjelpe (og bli forelska i) den eksepsjonelt langvegssfarande innvandraren Thomas Newton.

I midten av desse fire sidene var det eit enkelt og kraftfullt bilete. Thomas Newton ville byggje seg ein rakett av søppel og skrap. Det no endå meir forstyrra og svekte sinnet hans ville freiste og torturere han med draumen om å sleppe unna; og der han var innesperra – i rommet i det store tårnet – ville Newton prøve ein siste gong å rømme.

Så det var det vi starta med.




Foto: Jimmy King

Vi snakka litt rundt karakterane og temaa i boka, om isolasjon og galskap og narkotikamisbruk og alkoholisme og pina ved å vere udødeleg. Det var òg masse snakk om kor vakkert godleik og vilkårslaus kjærleik er. Vi snakka om at karakterane gradvis miste kontrollen – om at historia glei over i grumsete tristesse og plutselig vald – karakterar som hadde trøysteslause samtalar om TV-snacks – om det kvardagslege som raskt blei vrent til ein gresk tragedie. Det himmelske og det skitne fortauet.

I dei første møta var Coco taus mens ho lytta til oss (heilt til ho kanskje ikkje orka å høyre på oss lenger!), og så spurde ho berre: «Ja vel, men kva *skjer*, eigentleg?» Det var eit rimeleg spørsmål, og vi skulle komme tilbake til det, men vi hadde ikkje komme så langt enno. Vi måtte få ei kjensle av temaa, stemningane og verda først. Hendingsforløpet der ein mann vil forlate jorda og blir hjulpet av nokon og hindra av andre, det var ein del av innhaldet i dei fire sidene og var noko vi ville ta med i historia vår – men den vidare handlinga skulle komme fram seinare.

Og så var det låtane.

David gav meg ei mappe med songtekstar og CD-ar han hadde sett saman. «Nokre av desse kjenner du frå før av.» Det var ein jævleg artig ting å seie. Vi skulle forme historia saman, men til å begynne med ville han at eg skulle velje låtane vi skulle bruke. Eg trur han hadde levd med nokre av dei i årevis, og at han hadde sterke assosiasjonar knytte til dei – kanskje det var enklare å berre la meg høyre gjennom dei litt «kaldt og kjenslelaust» frå ein reint narrativ synsvinkel.

Tekstane hans er ofte fragmentariske og vanskelege å trengje gjennom, så det var sjeldan berre snakk om å høyre på orda og matche dei med forteljinga. Det handla meir om kjenslene, rytmen og stemninga i låtane og at karakterane skulle bli dregne med i dei, å gå inn i sjela på dei der tekstane kunne ta dei med til mystiske og underlege stader.

Vi snakka om forma – forma på forteljinga som var ganske fragmentert og splintra. Vi snakka om ein døydande person, augneblikka før døden og det som skjer mentalt, og korleis dette skulle kunne konstruerast på scena. Vi begynte å snakke om flukt, det å komme seg unna; men vi enda med å snakke om ein person som prøver å finne fred. Om å dø på ein enklare måte.

Newton brukte den siste stunda si til å prøve å stoppe eit plagande sinn som heldt han i live. Fysisk sett var det irrelevant for oss om han var på jorda eller ute blant stjernene heilt på slutten. Vi ville at Newton – på sine eigne vilkår – skulle føle fred.

Uansett korleis stykka blir, endar ein alltid opp med å snakke om seg sjølv. David var absolutt ein suveren kameleon, ein hamløpar – og ein av dei beste samarbeidspartnarane ein kan tenkje seg, ein som kunne ta dei han jobba med, i nye og ukjente retningar – men med meg var han først og fremst personleg i tilnærminga til arbeidet sitt og snakka om tankane sine på ein verkeleg oppriktig måte.


Lazarus kom til oss begge med ein eigen stil og ei eiga kjensle, ei sjølvssikker og særlege sak. Det er ein underleg, vanskeleg og innimellom trist draum Newton må gjennomleve – men til sjuande og sist finn han endeleg fred. ★

Omsett frå engelsk av Semantix, til nynorsk ved Kari Gjerdevik













8. januar 1947 – David Robert Jones blir fødd i Brixton, sør i London. Foreldre Margaret Mary «Peggy» Jones og Haywood Stenton «John» Jones er høvesvis serveringsdame på ein kino og reklamemedarbeidar i ein hjelpeorganisasjon for vanskelegstilte barn.

1953 – Familien flyttar til forstaden Bromley, sør for London.

1955 – David begynner på Burnt Ash Junior School. Stemma hans blir beskrive som «tilstrekkeleg», og han viser over gjennomsnittet gode ferdigheiter på blokkfløyte. Han får også skryt for danseferdigheitene sine.

1956 – Han lærer seg fleire instrument – ukulele, baljebass og piano – og spelar i skiffle-band i lag med skolekameratane.

August, 1958 – Første offentleg kjende framføring av populærmusikk på sommarleiren til 18th Bromley Scouts på Isle of Wight, i lag med George Underwood.

September, 1958 – Begynner på Bromley Technical High School der han studerer kunst, musikk og design.

25. desember 1959 – Han får sitt første instrument i julegåve, ein Grafton altsaksofon i plast.

1962 – Under eit slagsmål med bestevennen George Underwood får David eit slag i det venstre auget som forstørrar pupillen permanent og gir han det som skulle bli eit av dei mest omtala visuelle kjenneteikna hans, inntrykket av at dei to pupillane hadde forskjellig farge.

Juni, 1962 – David blir med i sitt første band, The Konrads.

Sommer, 1963 – David går ut av skolen med ein O-level i kunst og får traineejobb i reklamebyrået Nevin D. Hirst på New Bond Street i London.

29. september, 1963 – Første plateinnspeling med The Konrads, «I Never Dreamed».

April, 1964 – Startar bandet The King Bees.

Vår, 1964 – Skriv kontrakt med den første manageren sin, Leslie Conn.

Mai, 1964 – David Jones and The King Bees får platekontrakt med selskapet Vocalion Records som er del av Decca Records.

Juni, 1964 – Sluttar i reklamebyrået.

5. juni, 1964 – Utgjevinga av David Jones and The King Bees sin debutsingel «Liza Jane».

6. juni, 1964 – David opptrer for første gong på fjernsyn når The King Bees spelar «Liza Jane» i BBC-programmet Juke Box Jury. Songen blir sternt ut.

Juli, 1964 – Sluttar i The King Bees og blir med i The Manish Boys.

5. mars, 1965 – The Manish Boys lanserer singelen «I Pity The Fool».

April, 1965 – Sluttar i The Manish Boys.

Mai, 1965 – Blir med i The Lower Third.

August, 1965 – Får sin første fulltidsmanager, Ralph Horton.

20. august, 1965 – Davy (med Y) Jones & The Lower Third lanserer singelen «You've Got A Habit Of Leaving».

16. september, 1965 – Tar artistnamnet David Bowie for ikkje å bli forveksla med Davy Jones i The Monkees.

November, 1965 – The Lower Third får platekontrakt med Pye Records.

14. januar, 1966 – David Bowie with The Lower Third slepper singelen «Can't Help Thinking About Me». David sluttar i bandet like etterpå.

Februar, 1966 – Startar bandet The Buzz.

1. april, 1966 – Den første singelen kreditert David Bowie blir gitt ut, «Do Anything You Say».

19. august, 1966 – Singelen «I Dig Everything» blir gitt ut.

Oktober, 1966 – Skriv platekontrakt med Deram Records.

2. desember, 1966 – Singelen «Rubber Band» blir gitt ut, men B-sida «London Boys» blir i ettertid betre kjend og blir gitt ut som singel i 1975. På same tid blir The Buzz oppløyst.

Mars, 1967 – Startar bandet The Riot Squad.

14. april, 1967 – Gir ut singelen «The Laughing Gnome».

1. juni, 1967 – Debutalbumet *David Bowie* blir gitt ut, og i likskap med alle singlar han så langt har gitt ut, blir heller ikkje langspelaren nokon suksess. Det er ei samling songar som skil seg tydeleg ut frå samtidig musikk gitt ut under «The Summer Of Love», med langt større vekt på britiske music hall-tradisjonar enn psykedelia og bluesrock.

18. desember, 1967 – Opptrer for første gong på radio for BBC, i John Peel-programmet *Top Gear*.

11. juli, 1969 – Singelen «Space Oddity» blir sleppt, inspirert av Stanley Kubricks film *2001 – en romodysse*. Det blir Davids første verkelege suksess.

5. august, 1969 – Far til David døy, 56 år gammal.

14. november, 1969 – David slepper det andre albumet sitt, også dette kalla *Da id Bowie*. Tittelen blir seinare endra til *Space Oddity*.

20. mars – David gifter seg med den amerikanske modellen og skodespelaren Mary Angela «Angie» Barnett. Ho har seinare hevda at Rolling Stones-songen «Angie» handlar om henne, men Mick Jagger og Keith Richards som har skrivne songen avviser dette.

4. november, 1970 – *The Man Who Sold The World*, David sitt tredje album, blir lansert i USA. Det blir ikkje sleppt i England før i april 1971.

Februar – mai, 1971 – David er i USA for å lansere *The Man Who Sold The World*. Det blir ei erfaring som gir han mange nye tankar om låtskriving og tilværet som framtidig popstjerne.

30. mai, 1971 – Sonen Duncan Zowie Haywood Jones blir fødd. Han er i dag ein kjend regissør som mellom anna har laga filmene *Moon* (2009) og *Mute* (2018).

September, 1971 – Skriv platekontrakt med RCA.

17. desember – *Hunky Dory*, David sitt fjerde album, blir lansert, og det blir ståande som hans første verkelege klassikar, med songar som «Changes», «Life On Mars?» og «Oh! You Pretty Things».

DAVID

22. januar, 1972 – David omtalar seg sjølv som biseksuell i eit intervju med Melody Maker.

29. januar, 1972 – David opptretr for første gong som Ziggy Stardust i lag med backing-bandet The Spiders From Mars som består av Mick Ronson (gitar), Trevor Bolder (bass) og Mick «Woody» Woodmansey (trommer).

April, 1972 – «Starman», den første singelen med det nye bandet, blir lansert.

6. juni, 1972 – Det banebrytande albumet *Ziggy Stardust And The Spiders From Mars* blir gitt ut. Mellom dei mest kjende songane er tittelkuttet, «Rock'n'Roll Suicide» og «Moonage Daydream».

6. juli, 1972 – David og The Spiders framfører «Starman» på BBC-programmet *Top Of The Pops* i ei oppvising som blir eit verkeleg gjennombrøt.

28. juli, 1972 – David har produsert bandet Mott The Hoople og gitt dei songen «All The Young Dudes» som blir gitt ut denne dagen.

22. september, 1972 – David og bandet spelar sin første USA-konsert i Music Hall i Cleveland.

8. november, 1972 – Lou Reed sitt album *Transformer* blir gitt ut. David har produsert og Mick Ronson arrangert.

7. februar, 1973 – Iggy & The Stooges-albumet *Raw Power* blir gitt ut. David og Iggy Pop har produsert i fellesskap.

13. april, 1973 – Albumet *Aladdin Sane* blir gitt ut, med det ikoniske coveret der David har måla eit blått og raudt lyn over andletet, med songar som «Drive-In Saturday» og «The Jean Genie».

3. juli, 1973 – Siste konsert med Ziggy Stardust And The Spiders From Mars i Hammersmith Odeon i London.

19. oktober, 1973 – Albumet *Pin Ups* blir lansert og består berre av coverlåtar, mellom dei versjonar av Pink Floyds «See Emily Play» og The Easybeats' «Friday On My Mind».

31. mai, 1974 – Det dystopiske albumet *Diamond Dogs* blir gitt ut med songar som «1984» og «Rebel Rebel».

14. juni – 1. desember, 1974 – *Diamond Dogs*-turneen i Nord-Amerika opnar i Montreal og blir avslutta i Atlanta. Undervegs skifter turneen namn til *The Soul Tour* og inkluderer låtar frå det kommande *Young Americans*-albumet.

29. oktober, 1974 – David sitt første konsertalbum blir lansert under tittelen *David Live*.

26. januar, 1975 – Dokumentarfilmen *Cracked Actor* blir send på BBC. Han viser ein Bowie som slit med tungt kokainmisbruk og generelt skjor sinnstilstand.

7. mars – Soulalbumet *Young Americans* blir gitt ut, og songen «Fame» skriven i lag med John Lennon blir Davids første nummer ein-singel i USA.

23. januar, 1976 – Albumet *Station To Station* blir gitt ut med låtar som «Golden Years» og «TVC15». David hevdar seinare at han ikkje hugsar nokon ting frå innspelinga av albumet. I tittelkuttet lanserer David sin nyaste rollefigur The Thin White Duke.

2. februar – 18. mai, 197 – *Station To Station*-turneen opnar i Vancouver og blir avslutta i Paris.

18. mars, 1976 – Filmen *The Man Who Fell To Earth* der David spelar hovudrolla har premiere.

Oktober, 1976 – David flyttar til Vest-Berlin for det som skal bli ei endring som kjem til å definere karrieren. Han er blakk og tungt kokainavhengig og treng lufforandring.

14. januar, 1977 – Albumet *Low* blir gitt ut, spela inn i Frankrike og miksa i Berlin. Det er ei plate som mellom anna er inspirert av tyske band som Neu!, Can og Kraftwerk, der side 1 består av korte, avantgardistiske låtar, medan side 2 i hovudsak er instrumental. Mot alle odds blir *Low* ein publikumssuksess.

18. mars, 1977 – Iggy Pop sitt album *The Idiot* blir gitt ut. Det er produsert av David som også har skrive songane i lag med Iggy. Det er delvis spela inn og ferdigmiksa i Hansa Studios der også *Low* blei miksa.

Mars-april, 1977 – David spelar keyboards på Iggy sin *The Idiot*-turné.

29. august, 1977 – Iggy Pop slepper *Lust For Life*, også dette skrive i lag med og produsert av David, i sin heilskap spela inn i Hansa Studios i Berlin.

14. oktober, 1977 – Albumet «*Heroes*» blir gitt ut, også dette spela inn i Hansa Studios. Det er eit meir tilgjengeleg album enn *Low*, ikkje minst takka vere tittelkuttet som av mange blir rekna som den mest definerande av alle låtane til David.

Februar, 1978 – Flyttar frå Berlin.

29. mars – 12. desember, 1978 – *Stage*-turneen opnar i San Diego og blir avslutta i Tokyo.

25. september, 1978 – Davids andre konsertplate blir gitt ut under tittelen *Stage*.

18. mai, 1979 – Den tredje plata i den såkalla Berlin-trilogien blir lansert. I motsetning til *Low* og «*Heroes*» er ingenting av *Lodger* spela inn i Berlin, men David meiner plata fullfører ein albumsyklus. Blant låtane er «John, I'm Only Dancing» og «Fantastic Voyage».

8. februar, 1980 – David og Angie skiljast etter å ha vore separerte sidan 1977.

29. juli, 1980 – Første framsyning av *The Elephant Man* på Center of Performing Arts i Denver, med David i tittelrolla.

12. september, 1980 – Albumet *Scary Monsters ... And Super Creeps* blir gitt ut og inneheld store hits i form av «Ashes To Ashes» og «Fashion».

3. januar, 1981 – Siste framsyning av *The Elephant Man* på The Booth Theater i New York.

26. oktober, 1981 – Singelen «Under Pressure», spela inn og skrive saman med Queen, blir gitt ut.

2. februar, 1982 – BBC-produksjonen av Bertolt Brecht sitt skodespel *Baal* med David i tittelrolla blir vist. Ein EP med musikken blir gitt ut 13. februar.

Mars, 1982 – Songen «Cat People (Putting Out Fire)» frå filmen *Cat People* blir gitt ut. Diskokongen og filmmusikkkomponisten Giorgio Moroder har skrive melodien og produsert, og songen blir ein stor hit, mellom anna i Noreg der han toppar VG-lista.

14. mars, 1983 – Singelen «Let's Dance» blir gitt ut, og det blir Davids største hit nokosinne, med førsteplass både i USA og England, Noreg og fleire andre land.

14. april, 1983 – Albumet *Let's Dance* blir gitt ut og inneheld i tillegg til tittelkuttet mellom anna også «China Girl» som Bowie og Iggy gjorde på albumet *The Idiot* og «Modern Love».

18. mai – 8. desember, 1983 – *Serious Moonlight*-turneen opnar i Brussel og blir avslutta i Hong Kong.

29. april, 1983 – Premiere på filmen *The Hunger* der David spelar John Blaylock.

10. mai, 1983 – Premiere på filmen *Merry Christmas, Mr. Lawrence* der David spelar major Jack Celliers.

21. februar, 1984 – David vinn ein BRIT Award for Best British Male Artist.

24. september, 1984 – Albumet *Tonight* blir gitt ut. Sjølv om det sel bra blir det av mange sett på som starten på den kreative nedturen som skulle prege David ut 80-talet. Mellom låtane er «Loving The Alien» og «Blue Jean».

16. januar, 1985 – Halvbroren til David, Terry Burns tar sitt eige liv, 47 år gammal.

Februar, 1985 – Singelen «This Is Not America» som er temamusikk i filmen *The Falcon And The Snowman* og eit samarbeid med Pat Metheny Group blir gitt ut.

13. juli, 1985 – David er ein av artistane som opptretr på Live Aid. Han framfører songane «TVC15», «Rebel Rebel», «Modern Love» og «Heroes».

BOWIE

12. august, 1985 – David gir ut den klassiske Martha And The Vandellas-hiten «Dancing In The Street» i lag med Rolling Stones-vokalist Mick Jagger.

4. april, 1986 – Filmen *Absolute Beginners* der David har mykje av musikken og ei lita gjesterolle, har premiere.

27. juni, 1986 – Filmen *Labyrinth* der David spelar ei hovudrolle og også har mykje av musikken, har premiere.

23. oktober, 1986 – Iggy Pop sitt album *Blah Blah Blah* blir gitt ut. David er co-produzent i lag med David Reynolds og har skrive seks av dei ti songane på plata i lag med Iggy.

27. april, 1987 – Albumet *Never Let Me Down* blir gitt ut. Det blir av dei fleste sett på som det aller svakaste albumet til David. Mellom songane finn vi «Time Will Crawl» og «Zeroes».

30. mai – 28. november, 1987 – *Glass Spider*-turneen opnar i Rotterdam og blir avslutta i Auckland.

12. august, 1988 – Premiere på filmen *The Last Temptation Of Christ* der David har rolla som Pontius Pilatus.

22. mai, 1989 – *Tin Machine*, debutalbumet til Davids nye band med same namn, blir gitt ut. *Tin Machine* er eit kompromisslaust rockeband der dei andre medlemmane er Reeves Gabrels (gitar) og brørne Tony og Hunt Sales på høvesvis bass og trommer. Bandet og albumet markerer eit tydeleg vegskilje i Bowie sin karriere. Det må leggjast til at det verken er første eller siste gongen.

14. juni – 3. juli, 1989 – *Tin Machine*-turneen opnar i New York og blir avslutta i Livingston i Skottland.

4. mars – 29. september, 1990 – *Sound+Vision*-turneen opnar i Quebec og blir avslutta i Buenos Aires.

2. april, 1990 – David får ein Ivor Novello Award for «Outstanding Contribution To British Music».

2. september, 1991 – Albumet *Tin Machine II* blir gitt ut.

30. oktober, 1991 – 17. februar, 1992 – *Tin Machines It's My Life*-turné opnar i Milano og blir avslutta i Tokyo.

30. oktober, 1991 – Premiere på filmen *The Linguini Incident* der David har den mannlege hovudrolla.

24. april, 1992 – Giftar seg med den somaliske supermodellen Iman Mohamed Abdulmajid.

3. juni, 1992 – Premiere på filmen *Twin Peaks: Fire Walk With Me* der David har rolla som den mystiske agent Phillip Jeffries.

30. august, 1992 – *Symphony No. 1 Low* av Philip Glass, basert på Davids 1977-album *Low*, har premiere i München.

5. april, 1993 – Albumet *Black Tie White Noise* blir gitt ut. Det er Davids første solo-album sidan *Never Let Me Down* seks år tidlegare. Blant låtane er «Jump They Say», «Pallas Athena» og ein versjon av Cream-klassikaren «I Feel Free».

29. april, 1993 – Mick Ronson dør, 46 år gammal.

8. november, 1993 – Albumet *The Buddha Of Suburbia* der David har sett musikk til filmatiseringa av Hanif Kureishi sin roman med same namn, blir gitt ut.

18.-29. april, 1995 – David held si første separatutstilling, i Kate Chertavian Gallery i London.

14. september, 1995 – 20. februar, 1996 – *Outside*-turneen opnar i Hartford, Connecticut og blir avslutta i Paris.

25. september, 1995 – Konseptalbumet *1. Outside* blir gitt ut, med songar som «The Hearts Filthy Lesson» og «Hello Spaceboy».

17. januar, 1996 – David blir innlemma i The Rock And Roll Hall Of Fame.

19. februar, 1996 – Storbritannias kommande statsminister og dåverande Labour-leiar Tony Blair gir David utmerkinga «Outstanding Contribution» under Brit Awards.

9. august, 1996 – Premiere på filmen *Basquiat* der David har rolla som Andy Warhol.

9. januar, 1997 – 50-årsdagen til David blir markert med ein festkonsert i Madison Square Garden, der mellom anna artistane Lou Reed, Robert Smith, Billy Corgan og Dave Grohl hyllar han.

3. februar, 1997 – Albumet *Earthling* blir gitt ut, med låtar som «Little Wonder» og «I'm Afraid Of Americans».

12. februar, 1997 – David får ei stjerne i Hollywood Walk Of Fame.

15. mai, 1997 – *Symphony No. 4 «Heroes»* av Philip Glass, basert på 1977-albumet «Heroes» har premiere i London.

7. juni – 7. november, 1997 – *Earthling*-turneen opnar i Lübeck og blir avslutta i Buenos Aires.

1. september, 1998 – David lanserer nettstaden BowieNet, «the first artist-created Internet Service Provider».

18. desember, 1998 – Premiere på den italienske westernfilmen *Il Mio West* der David har ei rolle.

20. mars, 1999 – Premiere på filmen *Everybody Loves Sunshine* (i USA kjend under tittelen *B.U.S.T.E.D.*) der David har ei rolle.

21. september, 1999 – Albumet *hours...* blir gitt ut berre som nedlasting, med songar som «Thursday's Child» og «Something In The Air». CD-versjonen blir gitt ut 4. oktober.

24. september, 1999 – Første vising av filmen *Mr. Rice's Secret* der David har tittelrolla, under ein festival i Canada.

10. oktober – 7. desember, 1999 – *hours...*-turneen opnar i Dublin og blir avslutta i København.

14. oktober, 1999 – David blir utnemnt til kommandør av den franske Ordre des Arts et des Lettres.

28. oktober, 1999 – David får ei «Legend»-utmerking under Warner Brothers' WB Radio Music Awards.

1999-2000 – David spelar rolla som Julian Priest i ni episodar av TV-serien *The Hunger*.

25. juni, 2000 – David er hovudartist på Glastonbury-festivalen. Musikken frå konserten blei gitt ut både på vinyl, CD og DVD i fjor.

15. august, 2000 – Dottera Alexandria Zarah Jones blir fødd.

2. april, 2001 – Mor til David dør, 88 år gammal.

28. september, 2001 – Premiere på filmen *Zoolander* der David har ei cameorolle som seg sjølv.

1947 – David Robert Jones blir fødd i Brixton, sør i London.

1959 – Han får sitt første instrument i julegåve, ein Grafton altsaksofon i plast.

1962 – David blir med i sitt første band, The Konrads.

1964 – David opptrer for første gong på fjernsyn med bandet The King Bees.

1965 – Tar artistnamnet David Bowie.

1967 – Debutalbumet *David Bowie* blir gitt ut.

1969 – Singelen «Space Oddity» blir sleppt, inspirert av Stanley Kubricks film 2001 – en romodysse.

1969 – Far til David dør, 56 år gammal.

1969 – David slepper det andre albumet sitt, også dette kalla *David Bowie*. Tittelen blir seinare endra til *Space Oddity*.

1969 – David gifter seg med den amerikanske modellen og skodespelaren Mary Angela «Angie» Barnett.

1970 – *The Man Who Sold The World*, David sitt tredje album, blir lansert.

1971 – Sonen Duncan Zowie Haywood Jones blir fødd.

1971 – *Hunky Dory*, David sitt fjerde album, blir lansert.

1972 – Det banebrytande albumet *Ziggy Stardust And The Spiders From Mars* blir gitt ut.


1973 – Albumet *Aladdin Sane* blir gitt ut, med det ikoniske coveret der David har måla eit blått og raudt lyn over andletet.

1973 – Siste konsert med Ziggy Stardust And The Spiders From Mars i Hammersmith Odeon i London.

1973 – Albumet *Pin Ups* blir lansert og består berre av coverlåtar.

1974 – Det dystopiske albumet *Diamond Dogs* blir gitt ut.







1985 – Singelen «This Is Not America» blir gitt ut.

1985 – Halvbroren til David, Terry Burns tar sitt eige liv, 47 år gammal.

1985 – David er ein av artistane som opptre på Live Aid.

1985 – David gir ut den klassiske Martha And The Vandellas-hiten «Dancing In The Street» i lag med Rolling Stones-vokalist Mick Jagger.

1986 – Filmen *Absolute Beginners* har premiere.

1987 – Albumet *Never Let Me Down* blir gitt ut.

1987 – *Glass Spider*-turneen opnar i Rotterdam og blir avslutta i Auckland.

1988 – Premiere på filmen *The Last Temptation Of Christ* der David har rolla som Pontius Pilatus.

1989 – *Tin Machine*, debutalbumet til Davids nye band med same namn, blir gitt ut.

1991 – Albumet *Tin Machine II* blir gitt ut.

1992 – Giftar seg med den somaliske supermodellen Iman Mohamed Abdulmajid.

1992 – Premiere på filmen *Twin Peaks: Fire Walk With Me* der David har rolla som de mystiske agent Phillip Jeffries.

1993 – Albumet *Black Tie White Noise* blir gitt ut.

1995 – David held si første separatutstilling, i Kate Chertavian Gallery i London.

1995 – Konseptalbumet *1. Outside* blir gitt ut.

1996 – David blir innlemma i The Rock And Roll Hall Of Fame.

1996 – Premiere på filmen *Basquiat* der David har rolla som Andy Warhol.

1997 – 50-årsdagen til David blir markert med ein festkonsert i Madison Square Garden.

1997 – Albumet *Earthling* blir gitt ut.

1997 – David får ei stjerne i Hollywood Walk Of Fame.

1998 – David lanserer nettstaden BowieNet, «the first artist-created Internet Service Provider».

1999 – Albumet *hours...* blir gitt ut berre som nedlasting.

2000 – Dottera Alexandria Zarah Jones blir fødd.

2001 – Mor til David dør, 88 år gammal.

2002 – Albumet *Heathen* blir gitt ut.

2003 – Albumet *Reality* blir gitt ut.

2006 – David har si siste live-oppvising under ein veljerdskonsert i New York.

2008 – David får ein edderkopp oppkalla etter seg. Heteropoda davidbowie lever i Malaysia.

2013 – Albumet *The Next Day* blir gitt ut.

2013 – *David Bowie Is*, den første store Bowie-utstillinga nokosinne, blir vist i Victoria & Albert Museum i London.

2014 – Samleplata *Nothing Has Changed* blir gitt ut i fleire format.

2015 – Ein asteroide blir kalla opp etter David. Han får namnet 342843 Davidbowie.


2015 – «Blackstar» eller ganske enkelt «★» blir sleppt på singel.

2015 – Musikalen *Lazarus* inspirert av Walter Tevis sin roman *The Man Who Fell To Earth* og med David sin musikk har premiere i New York.

8. januar, 2016 – David sitt aller siste studioalbum ★ blir gitt ut på 69-årsdagen hans.

10. januar, 2016 – David Bowie sovner inn etter å ha vore kreftsjuk i 18 månader.

2016 – Albumet med musikk frå *Lazarus*-framsyninga blir gitt ut.





20. oktober, 2001 – Opnar *The Concert For New York City* i Madison Square Garden, der Billy Joel, Elton John, Jay-Z, Bon Jovi og Paul McCartney er nokon av dei andre som stiller opp.

10. juni, 2002 – Albumet *Heathen* blir gitt ut, med songar som «Sunday», «Everybody Says 'Hi'» og ein versjon av Pixies' «Cactus».

Juni, 2002 – Kuraterer Meltdown-festivalen i London.

29. juni – 23. oktober, 2002 – *Heathen*-turneen der David og bandet framfører albuma *Low* og *Heathen* i sin heilskap, opnar i London og blir avslutta i Boston.

15. september, 2003 – Albumet *Reality* blir gitt ut, med songar som «New Killer Star» og «Never Get Old».

7. oktober, 2003 – 25. juni, 2004 – *A Reality Tour* opnar i København og bråstoppar under Hurricane-festivalen i Tyskland der David kollapsar. Han blir hasteoperert på eit sjukehus i Hamburg dagen etter. Som ein parentes må vi nemne at David under konserten på Norwegian Wood-festivalen 18. juni i Oslo får eit sukkertøy på pinne kasta i auget, noko som skal ha vore eit uhell.

8. september, 2005 – David opptr for første gong sidan kollapsen i Tyskland når han er gjest på ein konsert med Arcade Fire i New York.

8. februar, 2006 – In absentia får han ein Lifetime Achievement Award under Grammy-utdelinga.

21. september, 2006 – Spelar seg sjølv i ein episode av TV-serien *Extras* der han også bidrar med songen «Pug Nosed Face».

17. oktober, 2006 – Premiere på filmen *The Prestige* der David har ei rolle.

9. november, 2006 – David har si siste live-oppvising under ein velgjerdskonsert i New York. Han gjer ein versjon av «Wild Is The Wind» (som han også gjorde på *Station To Station*-albumet i 1976), «Fantastic Voyage» og «Changes» med hjelp frå Alicia Keys.

29. desember, 2006 – Premiere på *Arthur And The Invisibles* der David gir stemme til Maltazard.

Mai, 2007 – Kuraterer High Line-festivalen i New York.

3. juni, 2007 – Får ein Lifetime Achievement Award under International Academy of Digital Arts and Sciences sin årlege Webby Awards.

22. januar, 2008 – Premiere på filmen *August* der David har ei lita rolle.

2008 – David får ein edderkopp oppkalla etter seg. Heteropoda davidbowie lever i Malaysia og får namnet sitt av den tyske araknologen Peter Jäger.

27. mars, 2012 – Ein minneplakett blir avduka i Heddon Street i London der coverbiletet til *Ziggy Stardust And The Spiders From Mars* blei tatt.

8. januar, 2013 – David geriljalanserer «Where Are We Now?» på 66-årsdagen sin. Det er første smakebit frå det kommande albumet *The Next Day* som blir annonsert samtidig, og første nylaga musikk sidan *Heathen*-albumet ti år tidlegare. Musikkvideoen til songen inneheld ei rekke referansar til David sin periode i Berlin.

11. mars – Albumet *The Next Day* blir gitt ut, og det ser ut til å vere ei generell semje blant kritikarane om at det er det beste albumet David har gitt ut sidan *Scary Monsters* i 1980. Det same har vore sagt om fleire tidlegare utgjevingar, men denne gongen har det meir for seg. Dei fleste er samde om at *The Next Day* er eit oppsiktsvekkande bra album.

23. mars – 11. august, 2013 – *David Bowie Is*, den første store Bowie-utstillinga nokosinne, blir vist i Victoria & Albert Museum i London.

19. februar, 2014 – David blir den eldste mottakaren nokosinne av prisen Best British Male Artist under BRIT Awards. Prisen blir tatt imot av Kate Moss.

18. november, 2014 – Samleplata *Nothing Has Changed* blir gitt ut i fleire format, der den mest interessante er ein trippel-CD-versjon der songane blir presenterte i omvendt kronologisk rekkefølge, leia av heilt nye «Sue (Or In A Season Of Crime)». Den blir også gitt ut på singel med «'Tis A Pity She Was A Whore» på B-sida, og begge songane blir spela inn på nytt til David sitt siste album ★.

5. januar, 2015 – Ein asteroide blir kalla opp etter David. Han får namnet 342843 Davidbowie.

19. november, 2015 – «Blackstar» eller ganske enkelt «★» blir sleppt på singel. Det er første smakebit frå David sitt kommande album med same namn. Den kryptiske, ti minutt lange musikkvideoen, fekk ny meining etter David sin død.

7. desember, 2015 – Musikalen *Lazarus* inspirert av Walter Tevis sin roman *The Man Who Fell To Earth* og med David sin musikk har premiere i New York.

8. januar, 2016 – David sitt aller siste studioalbum ★ blir gitt ut på 69-årsdagen hans, til overveldande kritikkar. Han har nok ein gong fornå seg sjølv og står fram som ystt relevant på sitt 25. album.

10. januar, 2016 – David Bowie sovnar inn etter å ha vore kreftsjuk i 18 månader. Berre hans aller næraste visste at han var døds-sjuk, og utgjevinga av ★ med sine kryptiske musikkvideoar og koda meldingar kan bli tolka som superstjerna sitt siste peik, eller om du vil, kunstprosjekt.

21. oktober, 2016 – Albumet med musikk frå *Lazarus*-framsyninga blir gitt ut.


7. januar, 2017 – BBC viser den 90 minutt lange dokumentarfilmen *David Bowie: The Last Five Years* som fokuserer på innspelinga av platene *The Next Day* og ★, og musikalen *Lazarus*.

12. februar, 2017 – Under Grammy-utdelinga blir David tildelt pris i alle dei fem kategoriane han er nominert til.

6. februar, 2018 – Jomfruturen til Elon Musk sitt romskip Falcon Heavy har Musk sin eigen Tesla Roadster og ein mannekeng ved namn Starman om bord. «Space Oddity» og «Life On Mars?» blir spela i loop frå stereoanlegget til bilen under oppskytinga.

25. mars, 2018 – Ein statue av David blir avduka i Aylesbury i Buckinghamshire, byen der han introduserte Ziggy Stardust-karakteren.

11. mai, 2019 – Den norske oppsetjinga av *Lazarus* har premiere på Det Norske Teatret.





KJØNNSTEATER:

David Bowie

i klimakset for den seksuelle revolusjonen

Av Camille Paglia. Foto: Steve Schapiro/ Getty Images.

David Bowie entra den internasjonale scena med brask og bram på eit sentralt tidspunkt i den moderne seksuelle historia. Dei sterke utopiske draumane frå 1960-åra, der ein såg på fri kjærleik som eit middel for å oppnå radikal politisk endring, var i ferd med å dunste vekk. Generasjonssolidariteten viste seg å vere ein illusjon, og eksperimentering med psykedeliske rusmiddel innebar ei utviding av identiteten til folk – ofte med forvirring og paranoia som konsekvens. Tidleg i 1970-åra begynte ein å sjå spor av dekadanse og apokalypse i populærkulturen. Bowie var nærmast profetisk for dette skiftet då han braut gjennom med «Space Oddity» (1969), med den grublande Major Tom som trekkjer seg tilbake frå jorda. «Space Oddity» blei spelt inn fleire månader før Woodstock-festivalen, og den intense isolasjonen og seksuelle reinleiken og passiviteten peikar fram mot slutten av «karnevalet» i dei dionysiske 1960-åra.

Den rebelske liberalismen, dyrkinga av naturen og feiringa av sex og kjensler gjer at vi kan sjå på 1960-åra som ein renessanse for romantikken. Folk- og rockemusikk, som voks fram frå arbeidarklassetradisjonar blant både svarte og kvite, var den folkelege parallellen til det epokegjerande verket *Lyrical Ballads* (1798) av William Wordsworth og Samuel Taylor Coleridge, der dei set landlege, populære former opp mot eit stivt litterært etablissement. Men det som hende i 1960-åra, blei spegla og forsterka av massemedia og hadde slik kraft og fart at romantikken snart gjekk over i den dekadente seine fasen. Bowie var bodberar og leiande symbol for denne raske endringa – det var som om Oscar Wilde hadde dukka opp mindre enn eit tiår etter Wordsworth. David Bowie har skildra seg sjølv som ein artist «som prøver å fange inn endringstakta». Dette er då òg temaet i ein av signaturlåtane hans, «Changes».

Bowie gjekk inn i rolla som ein romantisk forløpar, Lord Byron, i musikkvideoen til «Blue Jean» (1984), som er henta frå den 20 minutt lange kortfilmen «Jazzin' for Blue Jean», regissert av Julien Temple. Byron var, som Bowie, karismatisk, biseksuell og forvist. Begge hadde dei ein nærmast skandaløs popularitet som var eineståande i si tid.

(...)

Men i ånda ligg Bowie nærmare den seinromantiske Wilde – ein teatermann som elska masker og likte å provosere. På same måten som Wilde, som gjorde narr av naturdyrkinga til Wordsworth, har Bowie alltid vore urban i uttrykket – det er i byen han finn si villmark og si scene. Kunstferdigheit er slagordet hans; med unntak av teikneserieaktige rovdyr som interplanetariske edderkoppar og hund-menneske-hybridar opptre naturen hos Bowie berre i form av tomrommet i det ytre rommet. På same måten som Wilde, som var motejournalist på frilansbasis, var Bowie ein dandy som behandla utkleiding som ei kunstform. Men det går inga direkte linje til Bowie frå Beau Brummell; ho tok vegen om den engelske dandyismen, som var importert frå franske dekadentar som lyrikaren Charles Baudelaire. Han portretterte dandyen som ein som sette seg til doms over eigenart, eleganse og i kva grad ein skilde seg ut – akkurat som figuren The Thin White Duke frå turneane til Bowie i 1975–1976. Barbey D'Aurevilly, ein venn og forbundsfele av Baudelaire, kalla dandyar for «dei historiske androgyn».

Musikk var ikkje det einaste verkemiddelet Bowie brukte for å formidle kunnskapen sin til verda – og kanskje heller ikkje det viktigaste i starten; han var både ikonoklast og biletmakar samtidig. Det at Bowie hadde



sans for det visuelle, kom til syne gjennom den sterke interessa hans for fotografiet, som blei finslipt ved at han studerte klassiske reklamefoto frå Hollywood, moteblada i samtida og europeiske kunstfilmar. Teften for koreografi og kroppsspråk hadde han utvikla ved å studere pantomime og scenekunst i den nyskapande Lindsay Kemp-truppen i London i 1960-åra. Bowie ville først bli målar, og han heldt fram med målinga heile livet – særleg når han syntest det var vanskeleg å skrive musikk, har han sagt. Multimedietenkinga som voks fram i den tradisjonelle kunsten i 1960-åra, nørte òg opp under ønsket hans om å kople saman musikken og det visuelle på scena. Han arbeidde i eit reklamebyrå då han var 16 år, og der lærte han storyboardteknikkane han seinare brukte i videoane sine.

Mens han var på leiting etter si eiga stemme og sin eigen plass i musikkbransjen, endra han jamleg utsjånad. I ei gledesstrålende framføring av «Let Me Sleep Beside You» i ein musikkvideo frå 1969 ser vi han i vanleg mod-stil: blomstrete skjorte med open hals og hoftebukser. Slik fekk han fram den uskyldige sjarmen til den blyge naboguten. Året etter, på det tredje albumet, hadde han teke ei ny og utfordrande retning der han sette den kommersielle aksepten på spel gjennom transvestisme, som kunne vekke uro. Omslaget på *The Man Who Sold the World* viser ein Bowie med tunge, sjarmerande og skulderlange krøller og ein rosa og blå maxikjole med luksuriøst mønster, i silke. I tillegg hadde han på seg stramme og knehøge støvletter. Alt dette var vanlegvis assosiert med stilige unge kvinner. (Denne «herrekjolen» var designa av Michael Fish, som òg laga den korte, kvite kjolen som Mick Jagger brukte på gratiskonserten til Rolling Stones i Hyde Park i 1969.) Den avslappa, forførande og slyngjande liggjestillinga var like uhøyrdd og er ein parodi på den nakne statuen av Pauline Borghese (søstera til Napoleon) som Venus, eit verk av Canova. Dette omslaget var så seksuelt radikalt på denne tida at plateselskapet hans la ned veto mot at det blei distribuert i USA. I staden blei det i all hast bytt ut med ei teikning av Michael J. Weller av det psykiatriske sjukehuset som halvbroren Terry var blitt lagd inn på. I 1979 blei det erstatta av eit middelmåtig svartkvitt-bilete av ein utydeleg Bowie som sparkar ut i lufta.

I næriletet på omslaget til det neste albumet, *Hunky Dory* (1971), har Bowie eit drøymande, sentimentalt og himmelvendt uttrykk som er inspirert av stilen til kvinnelege Hollywood-stjerner. Det at han skyv håret bakover med begge hendene, er òg oppsiktsekkjande feminint. Biletet kombinerer på kløktig vis to bilete frå den vakre biletserien av ei svartkledd Greta Garbo som Edward Steichen tok i 1928, og som seinare blei trykt

i bladet LIFE. *Hunky Dory*-omslaget vekte merksemd då det kom ut – ikkje berre på grunn av den vågale leiken med kjønn, men fordi det vekte assosiasjonar til Hollywood-glamour, som på det tidspunktet ikkje blei teken på alvor endå. Den unaturlege metalliske gulfargen i håret til Bowie er popkunstinspirert, men vekker òg assosiasjonar til retusjeringa i fanblada frå 1920-åra. Det mjuke fokuset speglar den lokkande auraen av tidløyse som ein brukte i Hollywood ved å smørje vaselin på kameraobjektivet.

(...)

På omslaget til det femte albumet til Bowie, *The Rise and Fall of Ziggy Stardust and the Spiders from Mars* (1972), ser vi ei tydeleg omvending frå dei to førre albuma når det gjeld kjønn. Det er ein korthåra, blond Bowie i machopositur som møter oss. Han står med foten på eit bosspann på ei gate i London-natta, og gitaren heng som eit gevær på sida mens han varsamt skaffar seg oversikt over omgivnadene, som ein patruljerande soldat. Men dei glørete fargane på den turkise buksedressen og dei lilla støvlettane, som er lagde på i etterarbeidet, og som er inspirerte av militærstøvlane til dei rebelske *droogane* i *A Clockwork Orange* (regi: Stanley Kubrick, 1971), viser at det finst ein annan undertekst her.

(...)

Ziggy Stardust, den mest kjende fiktive figuren til Bowie, figurerer ikkje på omslaget til albumet som ber namnet hans. Den teatraliske utviklinga av denne figuren skjedde på den uvanleg lange verdsturneen frå januar 1972 til juli 1973. Ziggy blei ein så mektig figur at han så å seie utsletta skaparen sin og kvervla Bowie inn i ein skjør psykisk tilstand som blei forsterka av kokain og gjorde at han var nær ved å bli schizofren, ifølgje han sjølv. Den flammande sminka, det kantete, maskinklipte raude håret og det futuristiske kostymet som er designa av Kansai Yamamoto, gjorde han til ein «messias» av romvesenrock, ifølgje han sjølv: Han skulle leie ei gruppe romvesen som kom for å frigjere villfarne jordbuarar. Kjønnnet på Ziggy skyvde Bowie over i ein annan dimensjon av romtida der dei seksuelle personlegdommane til både austlege og vestlege menn møttest og smelta saman. Fordi han var så fascinert av asiatisk kultur, gjorde han Ziggy til ei merkeleg blanding av samurai-krigar og *onnagata* – dei mannlege skodespelarane som spelte kvinnelege roller i det tradisjonelle japanske teateret. Den kynisk vågale sceneåtfærd til Bowie var henta frå den tyske kabaretttradisjonen. Broadway-musikalen

Cabaret gjekk for fulle hus i London, med Judi Dench som Sally Bowles, i 1968, og ei ny oppsetjing av *Tolvskillingsoperaen* av Bertolt Brecht og Kurt Weill med Hermione Baddeley og Vanessa Redgrave opna på West End tidleg i 1972. Bob Fosse-filmen *Cabaret* kom det same året, og Joel Gray vann ein av dei åtte Oscar-statuetane filmen fekk, for den antydande, flørtande og fråstøytande rolla som tvikjønna seremonimeister. Sjølve tittelen *The Rise and Fall of Ziggy Stardust* spela på *Byen Mahagonnys oppgang og fall* av Brecht og Weill, ein satire over USA som mellom anna inneheld «Alabama-songen», som Bowie framførte på verds-turneen i 1978.

Ziggy lyser av Weimar-dekadanse, frå augehølene som er svarte av søvnløyse, til den frekke fjørboen – ein kvinneleg rekvisitt som ein gong høyrde til Lindsay Kemp, og som stamma frå ei tidleg filmrolle Marlene Dietrich hadde hatt som kabaretsongar.

(...)

Utanom dekadansen var Ziggy Stardust òg blendande vakker, framfor alt då Bowie hadde på seg ein kort, kvit silkekimono og høge koturnar, som fekk han til å sjå ut som ei amasone på jakt, som Belphebe i *Faerie Queene* av Edmund Spenser. Den sølvfarga leppestiften og sølvplaneten i panna kallar på dei allegoriske figurane frå kongelege maskeradeball. Innimellom sette Bowie opp ein breibeint positur og viste fram veltrente, muskuløse lår, som for å vise fram ein underliggjande maskulinitet. Med den overnaturlige militære energien og dei skiftande maskene til Ziggy Stardust kan vi ha komme nærmare eit glimt av dei virtuose gutane som spelte Shakespeare-roller som Rosalind, Kleopatra og Lady Macbeth, enn vi nokon gong kjem til å gjere igjen.

(...)

Då Ziggy Stardust omsider dukka opp på eit plateomslag, på *Aladdin Sane* (1973), var han allereie på retur. Omslagsbiletet av Brian Duffy med det raude og blå lynet som skjer seg gjennom ansiktet til Bowie, blei eit av dei mest symboltunge kunstbileta i andre halvdel av 1900-talet, og det er gitt att eller parodierte i reklamar, media og underhaldning over heile verda.

(...)

Den oppfinnsame sikkaksminka frå Pierre La Roche ser ved første augekast ut som eit blodig sår – eit økse-hogg gjennom skallen på ein viking som ligg på båra. Ziggy ser ut til å vere i dvale eller skindød, som dei

dødsdømde astronautane i mumiekammera i 2001: *En romodyssé* (1968) av Stanley Kubrick, som inspirerte Bowie til å lage «Space Oddity». Den tomme bakgrunnen trengjer nærmare figuren som ei iskald bølge. Det er like klinisk som ein obduksjon, og det ligg ein klump med menneskekjøtt på kragebeinet. Denne fallosforma dropen liknar på dei uidentifiserbare bitane av protoplasma og dei levande opphoppingane som pregar dei seksualiserte landskapa til Salvador Dalí. Surrealistiske er òg dei framheva armhølene, som ser ut som operasjonsarr eller kvinnelege kjønnsorgan. Som Prometheus, ein rebelsk helt for romantikarane, har han mista levra si for å ha stole elden frå gudane. Som den romreisande i 2001-filmen kan det vere han går tilbake til fosterstadiet for å kunne føde seg sjølv.

Den glatte, mjuke og hårlause kroppen på *Aladdin Sane* gjer at den androgyne figuren har utvikla seg forbi kjønn. Det ser vi tydeleg av fullkroppsbiletet på innsida av omslaget, der dei lange beina til Ziggy og den glatte, kjønnsause torsoen går over i ein robotaktig sølvfarge.

(...)

Young Americans (1975) var det siste albumet Bowie brukte som lerret for kjønnsidentitet. Nok ein gong ser han oss i auga, men det er ikkje lenger det harde blikket frå *Diamond Dogs* som møter oss. Omslaget er nok eit glamourportrett frå Hollywood. Bowie har kort, bølgete hår som er opplyst bakanfrå. Dei feminine sølvarmbanda glimrar sterkt, og kombinasjonen av desse armbanda og den rutete herreskjorta han har på, gjer at det er noko som skurrar. Inntrykket av vakling i kjønn blir understreka av den diskre rosa leppestiften og lange, manikyerte negler. Spøkjesaktig røyk frå sigaretten er retusjert inn – nok ein detalj frå gamle Hollywood-bilete. Denne tankefulle, innestengde figuren kan vere guteprostituert eller ein nervesvak estetiskar, som kunstnaren Aubrey Beardsley eller lyrikaren Lord Alfred Douglas, som hadde eit forhold til Oscar Wilde. Ein liknande tenkjande, androgyn og vakker mann blei spelt av Peter O'Toole; han skapte eit mangesidig portrett av den kultiverte, men plaga Lawrence of Arabia i filmen av David Lean frå 1962.

(...)

I «Ashes to Ashes» (ein frase frå anglikanske gravferder) tek Bowie på seg rolla Pierrot, ein figur frå *commedia dell'arte* frå 1600-talet, som blei viktig for fransk pantomime. Mange målarar, som Watteau, såg seg sjølv i den melankolske Pierrot, med sin mildskap og naivitet og sin audmjuke, ufrivillige spagat mellom kunst og

underhaldning. Hos Bowie har Pierrot på seg eit dus-kete kvitt klovnekostyme og dumrianhatt. Han er hengslete og gir inntrykk av sky, førseksuell uskuld. I andre scener er ein elegant og kjekk Major Tom bura inne i ei polstra celle og eit eksploderande kjøkken eller heng mager og steinaktig for å døy i ei vassfylt hôle som dels er eit halvvegs havarert skip, dels ei marerittaktig livmor.

(...)

Verka til Bowie har ei skjult uro rundt kvinner og den ustyrlege makta deira – som i «Suffragette City» (frå *The Rise and Fall of Ziggy Stardust*), som har eit tydeleg refreng: «Don't lean on me, man, because you can't afford the ticket back from Suffragette City!» Forholdet mellom kjønna endra seg raskt etter at feminismen stod opp att seint i 1960-åra. Denne linja viser at mennene ikkje var førebudde på endringa og sprang i sirklar som ekorn. Ho tyder eigentleg: «Ikkje spør meg om råd, for eg kan garantert ikkje hjelpe!» Ho seier at kastrering, metaforisk eller på anna vis, er dommen frå ei kvinne som bak kampen for likestilling nokre gonger skjuler eit ønske om dominans. Det andre intense refrenget i låten, «Wham, bam, thank you, ma'am!» – eit gammalt amerikansk ordtak som truleg blir brukt om prostitusjon – insinuerer med spott at kjærleikslause eingongsligg er ein idiotsikker metode om ein vil unngå å bli fanga av ei kvinne.

(...)

Men kvinnene får det siste ordet på *Aladdin Sane*. «Lady Grinning Soul» skal ha vore inspirert av Claudia Lennear, ein afroamerikansk soulsongar som hadde vore reserve-lkette for Ike og Tina Turner. Tittelen spelar på albumet *Lady Soul* av Aretha Franklin frå 1968. «Grinning» kjem nesten heilt sikkert frå «Pirat-Jenny» i *Tolvskillings-operaen*, ein song som hadde premiere med Lotte Lenya i Berlin i 1928 og blei framført med stor innleving av Nina Simone i Carnegie Hall i New York i 1964. Simone kopla songen til svart, radikal politikk. (Bowie hadde stor respekt for Simone og møtte henne i Los Angeles i 1975; han spelte inn «Wild is the Wind» frå albumet hennar frå 1966 med same namn, og dette var siste låt på *Station to Station*.)

(...)

Kjønnteateret til Bowie liknar på lanterna magica-framsyningane eller fantasmagoriane før filmprojiseringa blei utvikla. Mangfaldet i kjønnsbileta hans var delvis inspirert av dei raske endringane i den moderne kunsten, som tok til ved at nyklassisismen skyvde ut rokokkoen seint

på 1700-talet, og som nådde høgda si før, under og etter den andre verdskrigen. (...) Den stilistiske eklektisismen hans i dei utøvande sjangrane – med kombinasjon av konserthall, vaudeville, pantomime, film, musikkomedie, kabaret, grufullt teater, moderne dans, fransk chanson og amerikansk blues, folk, rock og soul – skapte eit utal nye synsvinklar og oppsiktsvekkjande samanstillingar.

Eit glimrande døme på korleis Bowie fører saman kunst og kjønn, var bruken av mannekengstilen – eit typisk 1900-talsmotiv. Då kvinnene blei frigjorde i jazzæraen, sette moteutviklinga fart, godt hjulpet av nye medium som høgbudsjettfilmar og glansa magasin med svært mykje betre trykkjetnikkar for fotografi enn tidlegare. Mannekengar, både i form av levande modelar og dokker i butikkane, blei eit levande kulturelt element. Dette kan vi sjå av auken i talet på moteshow-sekvensar i prestisjefilmar frå Hollywood som *The Woman* (1939). Kvinner med gjennomtrengjande auge og stålharde frigjeringskrav prega den tvikjønna stilen i den avantgardistiske modernismen og føregreip på ein nifs måte det klassisk androgyne ved David Bowie sjølv.

(...)

Det mannekengaktige maskespelet til Bowie var eit utruleg kunststykke. Spontaniteten var dadaistisk, og måten det blei skapt og gjennomført på, var surrealistisk. Det oppfylte erklæringa frå Baudelaire i *Kunsten og det moderne liv* om at moten skulle vere ei sublim forvringing av naturen. Framferda til Bowie gav han ein permanent plass i historia om moderne kunst. På ein augeblink hadde han atterreist og fornya arven etter Warhol, som hadde vore sviktande sidan Warhol blei skoten og nesten drepen i 1968, slik at han blei fysisk redusert og ute av stand til å produsere noko nyskapande.

(...)

Popkunsten er med sin framfuse humor og draumeliknande fantasi godt kjend som arven etter dadaismen og surrealismen. Men ved å ta imot den kommersielle, populære kulturen gjorde popkulturen slutt på den avantgardistiske tradisjonen som oppstod i romantikken. Mengda nye stilartar gjekk ned rett etter popkunsten og stoppa deretter heilt opp. Ingen enkeltstilar har sidan dominert nokon periode. Dermed må Bowie, med sine stadig nye stilar, reknast som den som tok det neste viktige steget i kunsten etter Warhol. Han blir såleis ståande som den verkelege etterfølgjaren etter Warhol. Bowie var uomtvisteleg ein av dei viktigaste skaparane av performancekunst gjennom det




Foto: Evening Standard / Getty Images

omfattande arbeidet sitt i 1970-åra, og dette overfløyndet deretter den kulturelle scena i 1980- og 1990-åra. Ein annan viktig figur i denne rørsla, Eleanor Antin, som kom frå det amerikanske radikale teateret og konseptkunsten etter Fluxus, erklærte modig at Bowie var ein av favorittartistane hennar – i 1973, då mange kritikkarar framleis avviste han som ei glørete døgnfluge. Ho samanlikna eksplisitt dei flyktige, autonome og transvestittiske figurane hans med sine egne – til dømes ei skjeggete ballerina eller ein melankolsk, omvandrande konge etter modell av Karl I. «Nokre gonger er det noko i lufta», sa Antin. «Kanskje det står skrive i stjernene.»

Det Bowie og Antin formulerte kvar for seg, var ein teori der kjønn er ein representasjon av det som blir utøvd. Forløparen for denne tanken finn vi i stykka til Shakespeare, der teater er ein overordna metafor for livet. Identitetsskaping gjennom rollespel hadde vore ein grunnpremiss i sosialpsykologien sidan 1920-åra. Kjønnssrollene var i flyt frå midt i 1960-åra og godt inn i 1970-åra på grunn av samansmelting av avvikande energi frå den oppvakna kvinnerørsla i USA og frå ein popkulturrevolusjon som hadde begynt endå tidlegare i England. Unisexkampen i 1960-åra begynte i Mod-London og spreidde seg rundt om i verda – med kort hår, stripebukser og losjakk for gutete jenter og karmosinraud sateng, lilla fløyel og skjorter med volangar for jentete gutar.

(...)

Sjølv om Bowie var ein svært ivrig utøvar av det nye utsvevande livet, såg han aldri på sex som frigjerings. I dei klassiske verka hans er identitet ein serie fakter og positurar. Sex er representert som ein teatralisk inngang til ein annan dimensjon, parallelt med, men ikkje sameksisterande med, den sosiale verkelegheita. På same måten som Wilde gjorde Bowie sex til eit medium for å skjerpe sjølvmedvitet heller enn til dionysisk utsletting. Megalomanien og vrangførestillingane til Ziggy Stardust markerte starten på den lange og forvirrende perioden med kjønnsrelasjonar som vi framleis er i. Avmystifiseringa av gamle tabu har ikkje ført til meir erotiske, snarare tvert imot. Kvinner har fått mykje høgare status i arbeidslivet, og vi har fått mindre homofobi, men skilsmissetala har gått til himmels, og kjønna rettar framleis bitre skuldingar mot kvarandre i det offentlege rommet. Den synlege framgangen for seksuell friedom og toleranse i det sekulære Vesten er – dersom han er avgrensa av folkerike kulturar som reknar han som dekadent – kanskje like flyktig som i Romarriket.

(...)

Den sterke virtuositeten til Bowie kjem til syne på praktfullt vis i den gospelprega «Fascination», som han skreiv med Luther Vandross i Philadelphia til *Young Americans*. Denne låten er så full av både lidenskap, kraft og stordom at ein kan forstå han som det kunstnarlege manifestet til Bowie – som berre er retta mot han sjølv. «I've got to use her»: Dersom ho er eit rusmiddel, er ho berre ein mellomstasjon på vegen til hans indre. Songen skildrar det valdelege angrepet frå og den kjærlege fascinasjonen over hans eige sinn, der kjønna er i ferd med å smelte saman. Han er si eiga muse. «Can a heartbeat / Live in the fever / Ranging inside of me?» Er det plass til personleg kjærleik eller livet i seg sjølv for ein artist som er driven av ukontrollerbare glimt av inspirasjon? Det fengslende kostyme-, musikk- og danseteateret Bowie gav oss, blir levandegjort ved hjelp av viltre, men samtidig djupe kjensler – det universelle språket som går på tvers av kjønn. ★


Camille Paglia's essay sto opphavleg på trykk i katalogen for «David Bowie Is» ei retrospektiv utstilling av Bowies kostyme ved The Victoria & Albert Museum, London 2013. Utdrag frå denne teksten er trykt med løyve frå forfattaren og Victoria & Albert Museum.

Til nynorsk ved Språkverkstaden.





Kulturhistorie i scenerommet



Bowies finstemte sans for estetikk måtte prege scenografi og kostyme.

Tekst: Ida Michaelsen Foto: Erik Berg / Jimmy King

Få artistar har omfamna, forsynt seg av og presentert det siste hundreårets popkultur så sjølvsikkert som David Bowie. For scenograf Dagny Drage Kleiva og kostymedesignar Olav Myrtvedt har arbeidet med å få *Lazarus* til scenen vore fullt av tilbakeblikk på kunsthistoria og på eiga ungdomstid. Til den første norske versjonen av *Lazarus* har dei henta mange referansar frå Bowies lange karriere. Møtet med ein av kunstens største performative artistar har berre styrka beundringa for Bowies evne til å fange tida og til å endre ho etter eigen utsøkte og ofte outrerte smak.

— No er ikkje hovudkarakteren Thomas Newton i stykket *Lazarus* David Bowie, og historia vi skal fortelje høyrer ikkje til han. Men det er ikkje til å komme forbi at Newton har litt til felles med Bowie, så for mange Bowie-fans er det fullt mogleg å kjenne igjen eller skjønne kva vi siktar til når vi har laga framsyningas estetikk, seier Kleiva og Myrtvedt.

— I manus står det at handlinga utspelar seg i ei *leilegheit* i ein storby, mest sannsynleg New York, held Kleiva fram. – I ein av Bowies tidlege turnear, *Diamond Dogs* frå 1974, lagde Mark Ravitz ein design for scenen som var lettare inspirert av den tyske ekspresjonisten Fritz Langs menneskefiendtlige og kalde storbyestetikk

i filmen *Metropolis*. Det var ein scenografi sett saman av fleire tårn som likna på skakke skyskraparar. Bustaden til Newton kan ein tenkje seg ligg i toppen av eit slikt høghus. Ein kan forstå *Lazarus* som ei forteljing om ein døyande mann som sit heime i bustaden sin og ventar på at livet skal ta slutt. Og i ein slik sinnstilstand er det vanleg å tenkje tilbake på fortida si. Eller ein kan begynne å hallusinere og innbille seg at ein er ein annan plass – til dømes plassar som har vore sentrale i livet. Derfor er sjølve bustaden til Thomas Newton inspirert av stader frå Bowies tidlege karriere. Først kikka eg på bilete av såkalla ballrooms og klubbar i London, etter som Bowie starta karrieren med å spele på slike stader. Men så kom eg over bilete frå Hansastudio i Berlin der Bowie spelte inn «Low», «Heroes» og «Lodger», og då fall alt meir på plass. Hansastudio blei ein direkte inspirasjon til interiøret i leilegheita til Newton. Han sit som fanga inne i eit rom som har vore viktig i karrieren hans, eit rom som kan gi inntrykk av gammal storheit, men der han berre ventar på å dø. Dette er kanskje den første referansen som er mogleg å oppdage. Gråtonane på veggane kan gi assosiasjonar til Mark Ravitz' *Diamond Dogs*-turne-scenografi, og i den scenografien var veggane dekte av papir som Bowie kunne rive ned. Dette har vore ein inspirasjon for dramaturgien i den visuelle utviklinga, seier Kleiva.

Den neste moglege synlege referansen, er kanskje enklast å ta for dei som har sett Bowie live gjennom mange tiår. I mange av konsertane sine svedde Bowie over scenen, anten han blei senka ned eller heist opp, i ein stol og song inn i ein telefon. Dette gjorde han også på *Diamond Dogs*-turnéen i 1974.





— I den same turneen var det fleire rekvisittar, m.a. ei hand dekt med diamantar, som «opna» seg og avdekte Bowie sitjande bak ho. Tilfellet ville ha det slik at til ei av mine tidlegare framsyningar her ved teateret, Songfuglen av Jan Roar Leikvoll, fekk eg laga ei stor hand. Ho har eg vald å ta med inn, sjølv om ho ikkje er dekt av diamantar hos oss, forklarar Kleiva. Både scenografen og kostymedesignaren har henta referansar frå filmen *The Man who fell to earth*, der Bowie hadde hovudrolla i 1976, og som stykket er ein slags oppfølgjar til. I filmen får Newton tida til å gå medan han drikk gin og glaner på tv-skjermen, som det etter kvart blir fleire og fleire av som eit bilete på at tida går. Desse er med vidare inn i scenerommet.



Det var ikkje berre Diamond Dogs-turneen som var spektakulær og som har fryda den kunstnarlege duoen bak *Lazarus*. David Bowie såg på turneane sine som teatrale oppvisingar som inkluderte både koreografi, videoproeksjonar, scenisk lyssetting og rekvisittar. Dei tidlege storslegne showa skulle vise seg å bane veg for seinare teatrale turnear av andre artistar. Scenografiane og integrasjonen av musikk og teater har inspirert band i alle sjangrar. The Glass Spider Tour frå 1980 var ein av dei meir megalomane turneane som fekk kritikk av sine samtidige for å vere – nettopp – for overrigga. Men i åras løp har både trendane og haldningane endra seg og Bowie var nok ein gong forut for si tid og sette ein standard for det visuelle på konsertscenen. I dag blir scenedesignet rekna blant dei fremste av alle turne-konsepta.

— The Glass Spider Tour hadde ein heilt annan estetikk enn Diamond Dogs seks år tidlegare. Her finn Bowie så å seie opp 80-talet med den utvida bruken av glas, spegel, metall og ikkje minst gjennom lyssetjinga. I forarbeidet har eg sett mange opptak frå denne turneen, men dei sceniske referansane til den turneen handlar meir om materialbruk og er nok ganske subtile, seier Kleiva og gir ordet til Myrtnvedt.

— Ja, til dei tre Teen age girls, som rollene heiter, har vi laga metalliske små ryggsekker som eit hint til den turneen, humrar kostymedesignaren.

— Det er ikkje til å unngå å bli inspirert av tida og utviklinga i stilsifta til Bowie, held Myrtnvedt fram.

— Men eg har òg henta inspirasjon frå personar rundt Bowie. Andy Warhol, Debbie Harry, Bob Dylan, Björk, PJ Harvey. Björks kostyme i Alexander McQueens design frå coveret på albumet hennar *Homogenic* er til dømes å sjå i framsyninga. Litt fordi eg visste at Bowie tidleg plukka opp den stigande designstjerna, men òg som ein tribute til McQueen som Bowie etter kvart utvikla eit nært vennskap med. Same året som – altså 1997 – bar han den legendariske Union Jack-jakka med McQueens signatur på coveret av albumet *Earthling*. Eg har berre henta fram eitt kostyme direkte frå Bowies eigen garderobe. Den isblå dressen som han brukte i 1972, designa av Freddie Burretti for videoen til *Life on Mars*, er med på scenen. Eg har sett andre versjonar av *Lazarus* der dei brukar større delar av garderoben hans, men eg synest det



handlar om noko anna her. Derfor har eg trekt fram manga-stilen i nokre av kostyma. Eitt er at Bowie var opptatt av det asiatiske, men vel så mykje fordi dei i vår tid er eit bilete på ein stilart som i stor grad går ut på skape seg ein ny identitet, ved hjelp av kostyme. Bowie sjølv har uttalt at han likte vernet som maska gav han, han var visstnok ein sjenert kar. Den gongen var det popstjerner og musikarar som kunne ty til det outrerte, og som brukte scenen som visingsarena. I dag er det fleire miljø som er outrerte, og i manga-kulturen blir gata, storbyen og dagslyset brukt som scene, seier Myrtvedt som har late seg fasinere over utviklinga frå den androgyne outsidersen til den dresskledde estetika-ren. – Det er alltid noko med den dressen, alltid ein viss finesse med plagget, det er ikkje berre ein dress. Eg har gjennom dette arbeidet oppdaga kor utruleg bevisst han var med tanke på kva Bowie hadde på seg. Kleda følgde musikken og blir nesten likestilt. Musikken, kostyma, scenografien, livet – alt hadde betydning. Kvar minste ting han gjorde var gjennomtenkt.

— Tidleg i karrieren sa Bowie følgjande:

When I go out onto a stage I try to make the performance as good and as interesting as possible, and I don't just mean singing my songs and moving off. I think if you're really going to entertain an audience then you have to look the part too.

— Han var på mange vis eit menneske for teater-scenen. Det skin gjennom og vi skal forsøke å gi nokre hint av det han har bidratt med tilbake til publikum, avsluttar Kleiva og Myrtvedt. ★



malt f h r /
haling; blanl
matt unde



LAZARUS

research pr. 20.11.2018





MODELLM TE 09.01.19

Lys inni her? som gatelyktene i diamond-dogs?
litt usikker p  disse....
skal de evt. ha ramme/kant som i enkelt-s yle

Blendinggardin-materiale festet m
elektro-magneter_
skal falle ned

allet svart maling p 



(1987) - der Bowie ble senket ned fra taket
ing inn i et telefon-r r



Fra "the man who fell to earth" - som musikalen er en fortsettelse av



Skisser av
scenograf
Dagny Drage Kleiva
&
kostymedesigner
Orav Myrtvedt

eller s  kan de projiseres p  veggen eller bakprosjeksjons-duken.



Matharina Vu : Maemi / Japansk kvinne



6 / 13

JOACHIM RAFAELSEN - NEWTON



1 / 13

27/11/2018



line : Petter Vermeli



girl 2 : Amanda Kamara - Tiril H Steen



Motfolder + white stripes



HEIDI G BRO



3 / 13

27/11/2018







til david bowie

(1947–2016)

1

før eg tar til skrive for alvor, teiknar eg
eg teiknar og målar og klipper ut farga ark
lenge før eg tar til å skrive dikt, lagar eg bilde
som eg har på gutterommet og på hybelen min
bilde som eg etterkvart tar til å selje til dei som
ser dei og likar dei, 25 kroner, 50 kroner
til og med 200 kroner kan eg ta for eit bilde
så slukar skrivinga meg og eg sluttar å teikne
men dei bilda eg lagde, dei var av david bowie
david bowie som ziggy
david bowie som the thin white duke
david bowie slik han er på coveret av heroes
ein kompis ber meg teikne bowie slik han
er på scary monsters-coveret, eg får 500 spenn
og eg ber han komme igjen neste søndag
og då gir eg han ei elendig teikning og eg ser
kor skuffa han er, og eg flirer for i bakhand har eg
den beste bowie-teikninga eg nokon gong kjem til å lage

2

trettifem år seinare sit eg på cafe opera i bergen
med den nye bowie-plata i bæreposen, og eg snakkar med
john olav om bowie, john olav likar verkeleg bowie
men han var fire månadar gammal då let's dance kom ut
og eg må forklare han at eg elsker bowie fordi bowie var så rar
det bergen eg vandra rundt i den gongen var
så grått og trist og lukka og snauklipt
bowie var alt det andre, det som var bortanfor
bortanfor bergen og granskogar og sosialdemokrati
du visste ikkje kven bowie var
du visste ikkje ein gong om han kom frå denne planeten her
han sirkla i lufta, han fall mot bakken
med ei tyngd som flytta inn i magen, inn i hovudet

3

og same kveld har eg vennane mine heime hos meg
pedro og annlaug og ivar og einar
vi drikk og tøysar og preikar alvor
slik ein skal gjøre ein fredagskveld
og så spelar vi den nye bowie-skiva
slik dei sikkert gjør i så mange hus
denne dagen, i london, oslo, malmø, bodø, singapore
endelig ei god bowie-plate, endelig
når skjedde det sist?
michael som er saksofonist seier at det må vere dei der
new york-jazzistane som har fyrt bowie opp
nei, seier eg, eg trur han veit at han skal dø
han veit at han må lage ei siste god plate
før han dør, slik er det med alle som
ser døden i auget, dei veit at dei må setje eit punktum

4

klokka åtte i dag, alle dei vanlige morragreiene
ungar som skal ut døra, vinter som ligg over landskapet
radioen står på med sin muzak:
rockeartisten david bowie er død, 69 år gammal
i eitt minutt eller to forstår eg ikkje
i eitt minutt eller to entrar døden dette huset
desse romma som er så fulle av liv og kvardag
kva er det pappa? seier ungane, kva er det pappa?
eit skred gjennom kroppen
david bowie er ingenting
david bowie er blitt til david jones igjen
slik er det, ingenting som har nådd fram
vil bli verande
slik er det, sjølv om vi tar denne turen
så er det ein annan tur, langt meir merkelig
som vi blir nødt til å ta

5

eg veit ingenting om døden
alt eg veit at den turen bowie tok
baklengs og forlengs, opp og ned
den reisa ga meg søtsmak i munnen
den reisa teikna eit stjernekart i stovetaket mitt


Frode Grytten

Skrive den morgonen David Bowie døydde











Lazarus

(Newton)

Look up here, I'm in heaven
I've got scars that can't be seen
I've got drama, can't be stolen
Everybody knows me now
Look up here, man, I'm in danger
I've got nothing left to lose

I'm so high it makes my brain whirl
I dropped my cell phone down below
Ain't that just like me
By the time I got to New York
I was living like a king
Then I used up all my money
I was looking for your ass
This way or no way
You know, I'll be free
Just like that blue bird
Ain't that just like me
And I'll be free
Just like that bluebird
Oh I'll be free
Ain't that just like me

It's No Game

(Japansk kvinne, Newton, Teenage Girls)

Shiruetto ya kage ga
- kakumei o miteiru
Mou tengoku no juyuu no kaiden
wa nai
Silhouettes and shadows
watch the revolution
No more - free steps to
heaven
It's no game
Oh - ooo
Ore genjitsu kara shime
dasare
Nani ga okotte iru ka wakara nai
Doko ni kyokun wa aruka
Hitobito wa yabi o orareteiru
Konna dokusaisha ni igashi-
me rareru nowa kanashi
I am barred from the event
I really don't understand the situation
But it's no game
Documentaries on refugees
Couples 'gainst the target
You throw a rock against the road
And it breaks into pieces
Draw the blinds on yesterday
And it's all so much scarier
Put a bullet in my brain
And it makes all the papers
Nammimo kiroku eiga
Hyouteki o senishita koibito tachi
Michi ni ishi o nagereba
konagona ni kudake
Kinou ni huta o sureba kyouhu wa masu
Ore no atamani tama o uchikomeba
Shinbun ha kakitateru
So where's the moral when people have their
fingers broken
To be insulted by these fascists - it's so degrading
And it's no game
Shut up! Shut up!

This Is Not America

(Teenage Girls, Girl)

A little piece of you
The little piece in me
Will die (This is not a miracle)
For this is not America
Blossom fails to bloom
this season
Promise not to stare
Too long (This is not America)
For this is not the miracle
There was a time
A storm that blew so pure
This could be the biggest sky
I could have the faintest idea
For this is not America
Sha la la la la
This is not America
Sha la la la la
This is not
sha la la la la
Snowman melting
from the inside
Falcon spirals
to the ground
This could be the biggest sky
So bloody red
tomorrow's clouds
A little piece of you
The little piece in me
Will die (This could be a miracle)
For this is not America
There was a time
A wind that blew so young
For this could be the biggest sky
I could have the faintest idea
For this is not America
No
Sha la la la la



The Man Who Sold The World

(Michael, Girl, Newton)

We passed upon the stair
We spoke of was and when
Although I wasn't there
He said I was his friend
Which came as some surprise
I spoke into his eyes
He must have died alone
A long, long time ago
Oh no, not me
I never lost control
You're face to face
With the Man Who Sold The World
I laughed and shook his hand
And made my way back home
I searched for form and land
For years & years, I roamed
I gazed a gazely stare
At all the millions here
We must have died alone
A long, long time ago
Who knows? Not me
We never lost control
You're face to face
With the Man Who Sold The World
Oh no, not me
I never lost control
You're face to face
With the man who sold the world



No Plan

(Girl)

Here - there's no music here, I'm lost
In streams of sound
Here - am I nowhere now?
No plan
Where - ever I may go, just where
Just there I am
All of the things
that are my life
My desire
My beliefs
My moods
Here is my place, without a plan
Here
Second Avenue
Just out of view
Here
Is no traffic here?
No plan
All the things that are my life
My moods
My beliefs
My desires
Me alone
Nothing to regret
This is no place, but here I am
This is not quite yet

Love Is Lost

(Valentine, Teenage Girls)

It's the darkest hour, you're twenty two
The voice of youth, the hour of dread
The darkest hour and your voice is new
Love is lost, lost is love

Your country's new, your friends are new
Your house and even your eyes are new
Your maid is new and your accent too
But your fear is as old as the world

Say goodbye to the thrills of life
Where love was good, no love was bad
Wave goodbye to the life without pain
Say hello, you're a beautiful girl

Say hello to the lunatic men
Tell them your secrets, they're like the grave
Oh, what have I done?
Oh, what have I done?
Love is lost, lost is love

You know so much, it's making you cry
You refuse to talk but you think like mad
You've cut out your soul and the face of thought
Oh, what have you done?
Oh, what have you done?

Oh, what have you done?
Oh, what have you done?

Changes

(Elly, Teenage Girls)

I still don't know what I was waiting for
And my time was running wild
A million dead-end streets
And every time I thought I'd got it made
It seemed the taste was not so sweet
So I turned myself to face me
But I've never caught a glimpse
Of how the others must see the faker
I'm much too fast to take that test
Ch-ch-ch-ch-changes
Turn and face the strange
Ch-ch-changes
Don't want to be a richer man
Ch-ch-ch-ch-changes
Turn and face the strange
Ch-ch-changes
Just gonna have to be a different man
Time may change me
But I can't trace time

I watch the ripples change their size
But never leave the stream
Of warm impermanence and
So the days float through my eyes
But still, the days seem the same

And these children that you spit on
As they try to change their worlds
Are immune to your consultations
They're quite aware of what they're going through
